



Bjørg Rasmussen  
Spandalen 22  
5119 ULSET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1574 - 19/29339

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
Eilin.Houlison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
02.10.2019

## Avvist søknad om arealoverføring - gbnr 214/10 Fyllingsnes

### Administrativt vedtak. Saknr: 557/19

Søknadstype: Søknad om oppretting av ny grunneigedom, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.

### Saksutgreiing

#### Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 24.05.19. Saka gjeld arealoverføring av eit areal på om lag 400 m<sup>2</sup> frå gbnr. 214/10 til eigedom gbnr. 214/202.

#### Planstatus

Mottakareigedom gbnr. 214/202 og tilgrensande areal del av gbnr. 214/10 er i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 (KPA) avsett til bustadføremål.

Storleik på arealet som er søkt arealoverført krev at det vert søkt om dispensasjon frå det generelle plankravet i KPA § 1.1, vidare er mottakar eigedom gbnr. 214/202 bygd med ein bustad som er registrert som fritidsbustad, omsøkt arealoverføring og bruk av arealet er i strid med arealføremålet og krev at det vert søkt om dispensasjon frå dette.

#### VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 5-4. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. Byggesaksforskrifta § 5-4, 3.ledd bokstav e og k)

Omsøkt arealoverføring krev at det vert søkt om dispensasjon frå det generelle plankravet i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 § 1.1 samt søknad om dispensasjon frå arealbruken, mottakareigedom er avsett til bustadføremål i kommuneplanen, bustaden på mottakareigedom er registrert som fritidsbustad og arealoverføringa vil vere i strid med arealbruken. Det er ikkje søkt om dispensasjon slik som tiltaket krev.

2. Byggesaksforskrifta § 5-4, 3.ledd bokstav n)

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Søknad om arealoverføring og dispensasjon skal nabovarslast. Det er i søknad ikkje gjort greie for nabovarsling.

3. Byggesaksforskrifta § 5-4, 3.ledd bokstav m)

Det er ikkje motteke situasjonsplan som syner arealet som er søkt overført.

Det vart i vårt brev datert 03.07.19 gjeve frist til 21.08.19 for supplering av ovannemnde punkt. I vårt brev datert 10.09.19 vart dokumentasjon etterspurd på nytt og det vart gjeve ny frist til 23.09.19 for å supplere søknaden eller eventuelt å trekke søknaden. Vi kan ikkje sjå å ha motteke dokumentasjon eller beskjed om at søknaden vert trekt. Kommunen avviser difor søknaden då den er for mangelfull til at vi kan handsama den.

### Vedtak

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2, jf. forskrift om byggesak § 5-4 vert søknad om arealoverføring av eit areal på om lag 400 m<sup>2</sup> frå gbnr. 214/10 til eigedom 214/202 vert avvist.**

**Når søknaden er avvist vert saka avslutta.**

**Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i samsvar med regelverket sine krav til dokumentasjon.**

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.19/1574.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Bjørg Rasmussen

Spondalen 22

5119

ULSET

**Kopi til:**

Marit Eikefet	Haukeberget 12	5119	ULSET
Marit Eikefet	Haukeberget 12	5119	ULSET

**Mottakarar:**

Björg Rasmussen	Spondalen 22	5119	ULSET
-----------------	--------------	------	-------